



SJUR HAGA BRINGELAND
sjurb@aol.com

KLASSISK MUSIKK



MED INNLEIVING: Moskovitten Lisa Smirnova ved flygelet sitt. Foto: Joyce Rohrmoser

Uutløyst

Lisa Smirnova veit ikkje kva ho vil.



GEORG FRIEDRICH HÄNDEL:

Die acht grossen Suiten

LISA SMIRNOVA. ECM 2011.

Jamføring: Ragna Schirmer (Berlin Classics 2009)

Då Georg Friedrich Händel (1685–1759) gav ut den fyrste samlinga si, *Suites de Pièces pour le Clavecin*, på eige forlag i 1720, var det for å ta verka sine tilbake frå ein notemarknad full av «piratkopiar». Det fanst avskrifter fulle av feil, og han ville ta kontroll over verket sitt etter mottoet: «Slik skal musikken min eigentleg gjerast.»

Tre hundre år etter har han mindre kontroll enn nokon gong. Dette gjeld ikkje berre korleis det blir spela, men òg kva det blir spela på. Kva ville Händel meint om den nye innspelinga med moskovitten Lisa Smirnova, som nyttar eit moderne konsertflygel av merket Steinway & Sons, designa for å resitera Rakhmaninov og andre romantiske mastodontar? Dette er eit fullstendig anna medium enn ein grann cembalo, som Händels teknikk er tiltenkt. Det blir som å kviskra i ein megafon.

BÅDE ÒG

Men tidene har endra seg, moderne pianistar som Smirnova må jo sjølv sagt få ta del i dei händelske herlegdomane, dei med. Etter å ha lytta gjenom prestasjonen hennar slår det meg: Somme stader fungerer klangfyllden og dei dynamiske moglegheitene til flygelet godt, og musikken trar friskt framover. Men andre stader fell satsen saman som ein sekk umotiverte poteter, og keisemd får ein til å skula lengtande bort på «shuffle»-

knappen og ynskja seg til neste spor. Den fyrste dommen gjeld dei snøgge satsane, det andre dei langsame – denne regelen gjeld mest utan unntak.

Den fyrste *allegro*-satsen i *Suite i F-dur*, HWV 427, er slik musikk som går og går, i løpande sekstandedelar i overstemma og springande åttandedelar i bassen. Spelet til Smirnova er teknisk bra, fingermaskineriet finsmurt, og alle tonane blir jamt vektlagde, i melodi og bass. Mange likar nok denne jamne strauken, men eg tykkjer meir om ujamnt spel, der vektlegginga skjer etter korleis tonane står harmonisk i satsen. For tilhøva mellom tonane i musikken var på 1700-talet like strengt hierarkisk ordna som samfunnet dei klang i.

Fyrste satsen i denne suiten, ein nobel *adagio* smykka med ornament på nærast kvar note, er ein slik sats av sorten som fell i hop. Smirnova lukkast ikkje i å skilja det viktige frå det uviktige, trillene hennar blir ein note-for-note-affære som får melodifyten til å stogga opp, noko som er døyeleg i det langsame tempoet ho vel.

MEIR MEININGSFYLT

Tyskaren Ragna Schirmer frå Händels fødeby Halle gjorde òg ei innspeling av suitane, med moderne flygel i Händel-året 2009. Dette er eit album eg kan lika mykje betre; Schirmer nyttar dei dynamiske moglegheitene til instrumentet til å forma meingsfulle frasar, er ikkje redd for å ryskja i melodiane og å syna kva ho vil med desse tre hundre år gamle dansane.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar for Dag og Tid.

Standardinnspelinga:

Den niande som prinsipp

Bruckner streva fælt og fekk det *nesten* til.

ANTON BRUCKNER:

Sinfonie Nr. 9 in d-moll



BERLINER PHILHARMONIKER,
DIR.: HERBERT VON KARAJAN. DEUTSCHE GRAMMOPHON 2009

Ni. Sidan Beethoven er dette eit mytisk og sublimt tal i den klassiske symfonimusikken. Det står som ei stadfesting av fullenda symfonisk verk, som uttrykk for ein slutta ring i livsverket til ein romantisk tonekunstnar. Dvorák, til dømes, kom i mål. Fullenda du ikkje ni symfoniar, var det mest av di du døydde for tidleg – som Schubert, Schumann og Mendelssohn. Eller av di du frykta skuggen til tradisjonen så sterkt at du skusla bort tida – som Brahms. Skreiv du ti symfoniar, var det for å gå

ut over tradisjonen, for å overskrida hevdvunnen skikk og konvensjon. Som Mahler – men han døydde då òg under freistnaden og fullførde ikkje transcenderinga.

Anton Bruckner var ein av dei som sette alt inn for å nå den niande. Han var på nippet til å greia det. *Symfoni nr. 9 in d-moll* har berre tre satsar, han endar med den langsame, høgtidsstemde *Adagio. Langsam, feierlich*. Ein sterk sistesats, som skulle stått som ein kadens for skapartrongen, kom aldri til.

Men Brucknes «niande» verkar potent likevel, særleg då den legendariske dirigenten Herbert von Karajan gjorde han med Berlin-filharmonikarane på 1970-talet. På plateselskapet Deutsche Grammophon er det ein samlebox å få, med alle dei ni symfoniane. Sjølv om mennesketypene deira er så ulike ein får det – Bruckner djupt religiøs,



Framsida til Anton Bruckners (1824–1896) *Symfoni nr. 9 in d-moll*: «Majestetanes majestet, den kjærlege Gud, vigjer eg mitt siste verk», sa han om den ufullenda komposisjonen sin.

Foto: International Music Score Library Project

sårbar og usikker, Karajan diktatorisk sjølvdyrkande på grensa til det blasfemiske – er dirigenten eit overtydande medium for komponisten. Aldri sidan har eg høyrd den tragiske *unisono*-en hjå dei djupe fiolinane i siste satsen meir lidenskapleg, slepande i glissando, før tubaene og kontrabassane løyser dissonansen i rundhanda og vakker vellyd.



Vasily Petrenko dirigerer Royal Liverpool Philharmonic Orchestra. Neste år er det Oslo-filharmonien som skal fylgja takteringa hans.

Talentfull russar

SERGEJ RACHMANINOV:

Symphony No. 3, Caprice bohémien, Vocalise:



ROYAL LIVERPOOL PHILHARMONIC ORCHESTRA, DIR.: VASILY PETRENKO. EMI 2012

«Ambisjonen min er enkel: å alltid vera nummer éin. Eg kjem frå ein skule der nummer to er ein tapar, målet mitt er alltid å gjera orkestra mine til dei beste i verda.» Det sa Vasily Petrenko i fjor då det blei klart at den unge russaren skulle ta over som sjefsdirigent for Oslo-filharmonien i 2013. For tida er han sjefsdirigent for Liverpool-filharmonien, eit orkester han har gjort, om ikkje til det beste i verda, så til eit framifrå symfoniorkester. Det vitnar denne plata med Sergej Rachmaninovs (1873–1943) *Symfoni nr. 3* om, med kvast strålende strykarklang og tempi som lét frasane pusta – utan å pesa. Gled dykk, austlendingar!



Wolfgang Amadeus Mozart (1756–1791) får det beste ut av duettsjangeren.

Opplivande

MOZART, HALVORSEN, BRUSTAD:

Violin and Viola Duos

ELISE BÅTNES, FIOLIN, HENNINGE BÅTNES LANDAAS, BRATSI. LAWO 2011



Det er kjekt med ei plate som syner at somme norske strykarar ikkje står attende for kollegaene i dei store kulturnasjonane på kontinentet. Syskenparet Elise Båtnes og Henninge Båtnes Landaas sit bae sentralt plasserte i Oslo filharmoniske orkesters strykeseksjon, den fyrste rusta med fiolin, den andre med bratsj. Jamvel om formatet er det minste i kammermusikk-sjangeren, får det effektfulle spelet på dette albumet musikken til å klinga som *meir* enn duett. Dette ligg sjølv sagt ikkje berre hjå utøvarane; særleg i den syngjelege andresatsen av Mozarts *Strykeduo for fiolin og bratsj i B-dur*, KV 424, er det flust med dobbeltgrep, som gjer klangbiletet feitt og fint.